

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Gyland

Emne: Brynet

Bygdelag: Nuland krins

Oppskr. av: Lars Fr. Nuland

Gard: Nuland m.fl.

(adresse): Nuland.p.å.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Svaret er etter den eldste mannen i krinsen: Lars Kr. Hjelleset, han er 90, år. fødd 4/7. 1856.

Han er den besste sogemannen eg kjenner her i bygda, er minnug og hev lagt seg etter mange ting som andre ikkje vyrðar tankja over.

Slipesteonen er so gammal i bygda, at ingen minnest anna enn at folk slipte ljåerne, men det er sagn om at det var annorleis i gmal tid. Dei gjekk åt smia og tynna ljåen kvar laurdag i slåtten. Det skude vera ein smed i Voilås, den er nærmeste grannegarden her. denne smeden var so god til å tynna ljå og få dei kvassbeit. Når so smeden hadde gjordt sitt, hadde dei ein større brynestein, av same toet som slipestear, som dei først brynte ljåen på. Denne var som ein stor kvasstein, dei kalla den, Sennå, med den grovbrynte dei til eggan vart tunnare og jamn, so tok dei kvassteinen o finpussa etter på. Dei kunde på den måten få ljåen likeså kvass som no dei brukte slipestear. Ja, det var dei som tykkte den gamle måten spørde meir på jarnet som var dyrt i den tid. Slipestearen kalla dei Jarnøydar. Dei brukte også ljåstikkor, ja dei hev vore i bruk i mi tid og er det vel summestader endå. Dei laga ljåstikka av eik, helst eik som hadde lege ei stund og var som litt morken. Dei høvla dei firkanta omlag 2.cm på kvar sida smalare i ytre endan, med håndtak i den andre. So tok dei og duppa stikka i vatn og strødde fin sand på den. Denne brukte dei når ljåen var nyslipt for å retta opp eggan utan å rundbryna den forsnart. På den måten kunde ljåen brukast lenge om ein var heldig å ikkje koma burt i stein.

Denne ljåstikka bar dei forsiktig for at ikkje

sanden skulde føra av. Dei gjorde det på den måten, at dei hola ut den mindste knaggen, trur eg det var, på ljåorvet, slik at håndtaket på stikka fall inn og so klembde dei stikka mot knaggen oo so stod den ut i veret på den måten, so hadde dei den ved hand til dei skulle bruka den og so blei den ikkje skada. Det var 2. slag brynestinar, menn alle gjekk under namn av Kvasstein, Det var ikkje kvasteinberg i bygda, dei kom anten nordantil, ~~KKIXXWXXXLUNGAXXX~~ og var mjukare. eller austantil, desse var hardare, men gjorde fin egg. For at dei skulle halda seg reine og ta betre gjorde dei seg kvassteinhus av tre, som dei hadde vat i. Men dei fleste sputta på kvasteinen og brynte. kom ein so nær lageleg vatn, vasske ein den rein av og til. Austlendsteinen var stor og tung og kunde delast opp i fleire.

Gylendingarne reiste mykje på handel fyrr i tida. Dei sisste som dreiv denne handel var brørane Lars og Jakob Mydland. Dei heldt på til litt etter år 1900. Men i eldre tid var det mange fleire, dei reiste mord i Dalane og kjøpte inn spyt, strikkevaror, og reiste austover i dei austre bygde i fylket og i eldre tid åt Setesdal og Telemark. So kom dei heimatt med andre varor. Dei kom då og med kvasstein fra Telemark. Desse austlandsteinarne var mest almindeleg då, men seinare er det kome i bruk kunststein.

Det var visstnokk mange gode smedar i gammal tid og det var almindelag at der var smie på garden, ja, helst til kvart bruk, men sume dreiv meir med det og blei flinkere.

Her på Nuland er det ein stor Heller, som heiter Smihellaren, den hev truleg vore nytte som smie i gammal tid. So lenge eg minnest og hev haurt, hev det vore skikk, at born og ungdom gjekk under Smihellaren kvar påske og kokte egg.

Ein hadde gjerne ein større slipesti ei heime og sume sette slipesteine i Åna elles ein bekk og slipte då opp mange ljå av gonga, So hadde dei mindre steine med seg ute i heia på slåtten og slipte når det trongst Ljåen tok ein av når ein slipte, i allefald Langorvljå. Det hende at ein slipte stuttorvljå iutsnm å ta den or orvet, men det var farleg. Det hende ei sørgeleg ugukker også nād farleg min. Stuttorvitja Størlv-Nuland

2.

Han slipte ein stuttorljå ~~orvet~~ mens ein mindre bror sveivde steine<sup>av</sup>. Sveiven tok i orvet og ljåen gjekk inn il låret på Ståle og skar av den store pulsåra, so han døydde straks etter av blodtapet.

nr. 9. Det er vanleg at ein set orvet med enden mot jorda og bryner frå orvet ut mot odden av ljåen.  
nr. 10. Eg høv ikkje haurt andre namn enn ,kvæssteinhus,  
nr 12. ein festa kvæsteinhuset med ein krok i livjordi  
nr.13. Ein fuktar med vatn. på kvæssteinen, vatn og sand på trestikka  
nr. 14 ukjend.  
nr. 15+16. ukjend.  
nr. 17. 18. 19. 20. ukjend.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

**316**

BYGDØY

318